



Notat

Dato: 05.01.2015
Arkivsak: 2015/102-1
Saksbehandlar: benutne

Til: Samferdselsutvalet, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppstart av prosjekt Fv 158 – Grindavoll – Lepsøy

Det første prosjekteigarmøtet mellom prosjektleiinga og staben i Statens vegvesen og HFK fann stad 03.11.14. Her gjekk SVV gjennom status på prosjektet:

Vedteken reguleringsplan frå Grindavoll mot Blindasundet vert prosjektert i to deler, og denne er snart ferdig. SVV har foretatt eit kostnadsoverslag på delstrekning 1 og 2 frå Grindavoll til Blindasundet. Det er ikkje rekna på kostnader for punktvis utbetring på delstrekning 3 frå Blindasundet til Lepsøy bru.

På første delstrekning mellom Grindavoll og Vågshaugen ligg det bustader tett inntil vegen. Delstrekning 2 frå Vågshaugen til Blindasundet har få bustader. Prosjektleiinga har utført eit anslag for desse to delstrekningane. Anslaga viser 63,5 mill kr for del 1, og 66,5 mill kr for del 2. Dette er vesentleg høgare enn kostnadsoverslaga i reguleringsplanen. Årsakene til kostnadsauken er mellom anna dårlegare grunnforhold enn føresett og dermed meir utfordrande trafikkavvikling, undervurdert støytiltak og grunnnerv.

Total løyving for prosjektet er 71 mill kr. Dermed er det berre midlar til første delstrekning frå Grindavoll til Vågshaugen, og eventuelt punktvis utbetring på delstrekning 3 på Lepsøy i 2016.

Fylkesvegrådet gjekk i møte den 11.11.14 inn for at delstrekning 1 kan lysast ut. Statens vegvesen opplyser pr januar 2015 at utlysning er planlagt til februar 2015.